

## **Eurorist - internasjonalt samarbeid i selektivt fiske**

**Nær 100 prosent overleving for torsk og mellom 85 og 100 prosent for hyse, sei og kviting. Dette viser resultat frå ei rekkje feltforsøk på fiskereiskap som no vert utvikla for å bli meir selektive på art og storleik.**

Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet har vore leiande i verda i utviklinga av ulike former for rister og nettpanel som kan sortera fangsten. I samarbeid med havforskningsinstitutt i Dan-mark, Frankrike, Skottland og Sverige skal det no utviklast ei felles ristløyning for seleksjon av konsumfiskartar i Nordsjøen. EU-kommisjonen finansierer 50 prosent av prosjektet som starta i slutten av 1998. Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet har hovudansvar for utviklingsarbeidet.

Dersom vi skal få eit meir ansvarleg fiske, ikkje minst i eit globalt perspektiv, må vi utvikla fiskemetodar som er meir selektive på art og storleik. Sidan tidleg i 1970-åra har Fangstseksjonen gjort forsøk med å utvikla reiskap og fiskemetodar som selekterer betre på art og storleik. Det har først og fremst vore arbeid med trål og snurrevad, og det har vorte fokusert på metodar for å skilja ut yngel og undermåls fisk av dei viktige konsumfiskartane torsk og hyse i desse reiskapane.



*Eurorista er laga av glas-fiber. Ei rist på 60 x 120 centimeter veg berre 9 kilo. Teknisk fungerer prototypen godt. Prøvefiske viser at rista kan justerast for å oppnå optimal seleksjon.*

*Målet med EU-prosjektet er å finna fram til eit ristsystem som er lett å bruka i praktisk fiske samstundes som det gjev tilfredsstillande seleksjon.*

### **Småfisken må overleva**

Slik seleksjon har berre noko for seg dersom småfisken som vert sortert ut, overlever og veks til fangbar storleik. Omfattande feltforsøk i norsk og nordisk regi viser at dei viktigaste

torskefiskane, torsk, hyse, sei og kviting, toler seleksjonen godt. Torsk har ei overleving på nær 100 prosent. For hyse, sei og kviting er det registrert overleving på mellom 85 og 100 prosent.

Forsøka viser at det har lite å seia for overlevinga om fisken vert sortert gjennom nettmasker, rister av metall eller glasfiber i trål eller snurrevad. Det gode resultatet ser også ut til å vera uavhengig av storleiken på fisken. Rekekrål med "Nordmørsrist" viser seg å fara finast med småfisken. All eittårig torsk, hyse og kviting som vert sortert gjennom slik reiskap, overlever.

## **Enkelrist mykje brukt i torsketrål**

Dei siste åra har Fangstseksjonen i samarbeid med Fiskeridirektoratet utvikla ei enkel sorteringsrist for torsketrål. Målet er å få til ei rist som er lett å ta i bruk i praktisk fiske. Enkelrista er ei vidareutvikling av den russiske ristløysinga Sort-V. Enkelrista kan samanliknast med "Nordmørs-rist" når det gjeld storleik, vekt og handtering. I løpet av dei siste åra har enkelristsystemet vorte mykje etterspurd. Det er gjeve førebels løyve til å nytta enkelristsystemet, og over halvparten av dei norske trålarane har gått over til enkelrista.

## **Rist tilpassa dekksplassen**

Dei fleste fartøy som fiskar i dei aktuelle farvatna, har sterkt avgrensa arbeidsplass på dekk. Difor er det høgt prioritert at rista er robust, lett å handsama i praktisk fiske og tek liten plass. I forsøka med bruk av rista er det teke utgangspunkt i fartøya som er i bruk i Nordsjøen og Austersjøen i dag. Før forsøka vart sett i gang, vart ulike risttypar som alt er i bruk, vurderte. På den bakgrunn vart det produsert ein prototype av Eurorista som først vart prøvt i gjennomstrøymingstank og så i fiske i Nordsjøen sommaren 1999.

## **Få med fiskarane**

I konsumfisket i Nordsjøen er det berre maske-vidda i trålen som regulerer fisket. For å forvalta fiskeria meir ansvarleg kan eurorista vera ei god løysing. Fiskarane sitt syn er avgjerande i det vidare arbeidet for å få alle fartøy til å ta dette seleksjonssystemet i bruk. Fram mot 2001 vil utstyret verta prøvt ut i ulike fartøytypar i landa som deltek. Mellom anna vert det prøvt ut ulik spileavstand og montering alt etter kva fisk som skal fangast. I 2001 har Fiskeriforvaltinga i EU, DG XIV, som mål å laga ei bruksrettlegg med tekniske spesifikasjonar slik at eurorista vert teken i bruk.

**Kontaktperson:** Terje Jørgensen, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen,  
Postboks 1870 Nordnes, 5817 Bergen. Tlf: +47 55 23 85 00.  
Faks: +47 55 23 68 30. E-post: [Terje.Jorgensen@imr.no](mailto:Terje.Jorgensen@imr.no)